

Søknad

| | | | | |
|----------------------|--|------------------|------|-----------------|
| Søknadsnr. | 2016-0280 | Søknadsår | 2017 | Arkivsak |
| Støtteordning | Tilskot til utbygging av breiband i Hordaland | | | |
| Prosjektnavn | Søknad om tilskot til breibandsutbygging Rolvsvåg-Saga | | | |

Kort beskrivelse

Utbygging av høgkapasitets breiband til husstandar og verksemder i Rolvsvåg - Saga i Samnanger kommune.

Prosjektbeskrivelse

Utbygging av høgkapasitets breiband (fiber) til husstandar, fritidsbustadar og verksemder i området Rolvsvåg - Saga i Samnanger kommune. Det er i dag ikkje tilbod om høgkapasitets breiband (breiband med nedlastingshastigheit på over 30 mbit/s) i området. I delar av området er det i dag tilbod om "breiband av grunnleggjande god kapasitet" (nedlastingshastigheit på minst 4 Mbit/s). Dette er primært breiband via radiosignal, levert av Kvamnet AS. Delar av området har ikkje slikt tilbod. Sjå vedlagte dekningskart (NB! Dekningskartet er frå 2016. Samnanger kommune har bestilt nytt dekningskart frå NKOM, men NKOM har bestemt seg for å venta med utsending av nye dekningskart til seinare i 2017). Det er ikkje DSL-tilbod i området på grunn av for lang avstand til telefonsentral. Det er mobildekning i området (2G, 3G og til dels 4G), men mobildekninga varierer mykje innanfor området og vert av mange opplevd som ustabil.

Det er i alt om lag 85 hus, verksemder og hytter i området. Eit sannsynleg anslag på antal kundar ved fiberutbygging, er om lag 60 stk (70% av det totale potensielle kundegrundet). Utbyggingsområdet strekkjer seg over ei strekning på om lag 6 kilometer langs austsida av Samnangerfjorden, mot kommunegrensa mot Os.

Samnanger kommune har vore i dialog med Kvamnet AS som potensiell utbyggjar, for å avklara kostnader og tilskotsbehov for utbygging av høgastigheits breiband i området. Tilskot vil vera heilt nødvendig for å få realisera fiberutbygging i området.

Kvamnet AS si tekniske løysing er å ta ned radiosignal frå eksisterande sendar på Bogøy i Fusa kommune til eit sentralt punkt i Rolvsvåg, og byggja fibernett frå dette punktet. Teoretisk sett er det meir begrensa samla kapasitet i ei slik løysing enn i ei "full fiberløysing" (på grunn av avgrensa kapasitet på radiosendar/mottakar), men denne kapasiteten kan byggjast ut/aukast etter kvart som det oppstår behov for dette. Pr. i dag tilbyr Kvamnet abonnement med hastigheit på opptil 100/100 Mbit/s i sine fibernett. Tilskotsbehovet for ei fiberutbygging i regi av Kvamnet AS vil vera om lag 1.000.000 kroner. Kvamnet AS vil nytta seg av eksisterande stolpar i fibernettet som skal byggjast, så langt dette er praktisk føremålstenleg, men det må også påreknast ein del gravearbeid. Kvamnet vil bruka sitt eksisterande radiosignal-anlegg som framføringsveg fram til det lokale fibernettet som skal byggjast. Den nemnde sendaren på Bogøy er ein del av dette anlegget.

Totalkostnaden for ei slik utbygging som Kvamnet AS har skissert vil vera om lag 3.000.000 kroner. Kvamnet AS sitt tilskotsbehov vil på om lag 1.000.000 kroner.

I den nasjonale søknadsrunden i 2016 om tilskot til breibandsutbygging sende Samnanger kommune 3 alternative søknader for utbygging i området Rolsvåg - Saga. Dei tre alterantiva hadde ulik kostnad/tilskotsbehov, og var basert på anslag kommunen hadde fått frå BKK ("ideell fiberløyising" - tilskotsbehov 2.800.000 kroner), Telenor ("rimeleg fiberløyising" - tilskotsbehov 1.500.000 kroner) og Kvamnet AS ("delvis fiberløyising" - tilskotsbehov 1.000.000 kroner).

BKK, Telenor og Kvamnet brukar forskjellige tekniske løysingar/løysingar for framføring av fiber/signal, og dette er noko av årsaka til at tilskotsbehovet er ulikt for desse tre potensielle utbyggjarane. I denne søknadsrunden i 2017 har me valt å søkja om tilskot til det rimelegaste alternativet, som har eit tilskotsbehov på om lag 1.000.000 kroner.

Samnanger kommune vil ved utlysing av utbyggingsprosjektet og kontraktssinngåing stilla diverse krav til utbyggjaren, mellom anna: (1) Tredjepartsoperatørar skal tilbydast grossisttilgang til nettet. (2) Fibernettet skal vera operativt i minimum 10 år etter overtakingsdato, elles vil ein forholdsvis del av tilskotet måtte tilbakebetalast. (3) Alle fastbuande/husstandar, næringsbygg og offentlege bygg/forsamlingslokale innanfor utbyggingsområdet skal ha moglegheit til å knytta seg til fibernettet. Det same gjeld fritidsbustader i den grad dette er realiserbart. (4) Fibernettet/anlegget skal eigast av leverandøren, som er økonomisk og juridisk ansvarleg for drift og vedlikehald. (5) Det må vera tilbod om både internett, telefoni og TV-/videotenester for kundar i fibernettet.

Dersom det blir gitt tilsegn om tilskot til utbygging, vil kommunen truleg stilla krav om at sluttkundar skal kunne få tilbod om kapasitet/hastigheit på 100/100 Mbit/s, samt krav om at kapasiteten skal aukast i takt med framtidige behov (løyisinga skal vera skalerbar med omsyn til kapasitet).

Me viser også til vedlagte kopi av kravspesifikasjon og avtale for fiberutbygging i Frøylandsdalen i 2013/2014 for informasjon om krav/vilkår for tidlegare utbyggingar i kommunen. Me ser for oss å bruka desse dokumenta som grunnlag for tilsvarende dokument i samband med utbygging i området Rolsvåg - Saga, men med nødvendige tilpassingar.

Me gjer merksam på at det er vanskeleg for kommunen å setja opp eit detaljert kostnadsoverslag etter malen i søknadsskjemaet (der kostnader skal vera fordelt på personalkost, utstyr m.m.). Me har ikkje fått så inndelte/detaljerte kostnadsoverslag frå utbyggjaren me har vore i kontakt med. Me har derfor måtte bruka skjønn når me har fordelt kostnadane i tabellen for kostnadsoverslag.

Kontaktopplysningar

| Funksjon | Navn | Adresse/poststed | Mobil |
|---------------------------------|---|------------------------------|----------|
| Søker / Prosjekteier | Samnanger kommune Org.nr:964 968 985 | Tyssevegen 217 5650 TYSSE | - |
| Kontakt- person | Jan Erik Boge | Tyssevegen 217 5650 TYSSE | 90149077 |
| Prosjekt- leder | Jan Erik Boge | Tyssevegen 217 5650 TYSSE | 90149077 |

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Samnanger kommune søkte NKOM/fylkeskommunen om støtte til breibandsutbygging i området Rolvsvåg - Saga også i søknadsrunden i 2016, men fekk då ikkje tilsegn om støtte.

Samnanger kommune har fått tilskot til breibandsutbygging i andre område av kommunen tidlegare, sist i søknadsrunden i 2013 (tilskot vart utbetalt i 2014).

Spesifikasjon

Bakgrunn

Utbygging av høgkapasitets breiband (fiber) til husstandar, fritidsbustadar og verksemder i området Rolvsvåg - Saga i Samnanger kommune. Det er i dag ikkje tilbod om høgkapasitets breiband (breiband med nedlastingshastigheit på over 30 mbit/s) i området. I delar av området er det i dag tilbod om "breiband av grunnleggjande god kapasitet" (nedlastingshastigheit på minst 4 Mbit/s). Dette er primært breiband via radiosignal, levert av Kvamnet AS. Delar av området har ikkje slikt tilbod (sjå vedlagte dekningskart). Det er ikkje DSL-tilbod i området på grunn av for lang avstand til telefonsentral. Det er mobildekning i området (2G, 3G og til dels 4G), men mobildekninga varierer mykje innanfor området og vert av mange opplevd som ustabil. Me viser elles til det vedlagte utsnittet frå NKOM sitt dekningskart. (NB! Dekningskartet er frå 2016. Samnanger kommune har bestilt nytt dekningskart frå NKOM, men NKOM har bestemt seg for å venta med utsending av nye dekningskart til seinare i 2017).

Samnanger Næringsforum har i fleire år etterlyst tilbod om høgkapasitets breiband i området. I området ligg det mellom anna eit industriområde (Rolvsvåg industriområde) og eit stort setjefiskanlegg (på Saga). I tillegg er det fleire bustadfelt og ein del spredt busetnad, fritidsbustader og næringsverksemder m.m. i området. For fleire av verksemdene i området er det manglande breibandstilbodet ei stor ulempe. For nærmare informasjon viser me til vedlagt kopi av brev datert frå Samnanger Næringsforum datert 23.11.2016 og vedlagt kopi av e-post Samnanger Næringsforum sendt i november 2015.

Så langt Samnanger kommune kjenner til ligg det ikkje føre planar hos kommersielle aktørar om breibandsutbygging i området Rolvsvåg - Saga.

Kundegrunnlaget i området ser ut til å vera for lite til at det er kommersielt interessant å byggja ut breiband utan offentleg tilskot. Tibakemeldingar kommunen har fått frå BKK, Telenor og Kvamnet er at forholdet mellom utbyggingskostnader og inntjeningspotensiale (talet på potensielle kundar), er slik at ei rein kommersiell utbygging av fiber i området ikkje vil vera aktuelt i overskueleg framtid. Utbyggingskostnadane vert mellom anna høge på grunn av at det er relativt spreidd busetnad/relativt store avstandar i området (utbyggingsområdet strekkjer seg over ei strekning på om lag 6 kilometer).

Prosjekt mål

Målsetjinga med prosjektet er å få på plass tilbod om høgkapasitets breiband til husstandar, verksemder og fritidsbustader i området. Gjennom dette vil rammevilkåra for næringsdrivande i området verta langt betre enn i dag - i dag er det manglande breibandstilbodet ei stor ulempe for fleire næringsdrivande i området. Vidare vil fastbuande og eigarar av fritidseigedomar i langt større grad enn i dag kunna nytta seg av tenester og tilbod som stiller krav om høgkapasitets breiband.

Prosjektet vil ha som resultat at om lag 85 husstandar, verksemdar og fritidsbustader som i dag ikkje har tilbod om høghastigheits breiband, får tilbod om dette. Av desse reknar me med at om lag 60 vil nytta seg av tilbodet.

Forankring

I Samnanger sin kommuneplan er det ei målsetting om at kommunen skal sjå til, og om nødvendig yta økonomisk tilskot, slik at innbyggjarane i kommunen får tilgang til breiband. Krava til kapasitet/hastigheit på breiband vert stadig større, og kommunen si målsetting er at flest moglege innbyggjarar og næringsdrivande skal ha eit godt breibandstilbod.

Kommersiell utbygging av høghastigheits breiband er av kostnadmessige/geografiske årsaker primært aktuelt i dei tettast befolka områda av kommunen (strekninga Ådland - Tysse). I andre område av kommunen er utbygging av breiband i stor grad avhengig av offentleg tilskot. Samnanger har i tidlegare søknadsrundar fått tilskot til utbygging i fleire område av kommunen, både til breiband av grunnleggjande god kvalitet (breiband via radiolink) og til fiberutbygging. Samnanger sin økonomiske situasjon er slik at kommunen i ingen eller liten grad har midlar til å yta økonomisk tilskot til utbygging av breiband. Det er heller ingen store næringsaktørar i Samnanger som bidreg til finansiering av breibandsutbygging, eller som har gitt signal om at dei kjem til å gjera dette i åra som kjem.

Samnanger Næringsforum har i fleire år etterlyst tilbod om høgkapasitets breiband i området. I området ligg det mellom anna eit industriområde (Rolvsvåg industriområde) og eit stort setjefiskanlegg (på Saga). I tillegg er det fleire bustadfelt og ein del spredt busetnad, fritidsbustader og næringsverksemdar m.m. i området. For fleire av verksemdene i området er det manglande breibandstilbodet ei stor ulempe. Kommunen ønskjer å leggja til rette for næringsdrivande, og eit godt breibandstilbod i området Saga - Rolvsvåg vil vera viktig i denne samanhengen.

Prosjektorganisering

Dersom det vert gitt tilsegn om tilskotsmidlar frå fylkeskommunen, vil det bli gjennomført anbodskonkurranse før val av utbyggjar vert gjort. Endeleg prosjektorganisering vil først verta bestemt då, men det vil vera utbyggjaren som får det praktiske ansvaret for utbygginga. Samnanger kommune si rolle vil primært vera å koordinera prosjektet og bistå på område det er behov for det.

Samarbeidspartnere

Dersom det vert gitt tilsegn om tilskotsmidlar frå fylkeskommunen, vil det måtte gjennomførast anbodskonkurranse før val av utbyggjar vert gjort. Samnanger kommune har tidlegare vore i kontakt med BKK, Telenor og Kvamnet AS for å avklara sannsynleg kostnad til utbygging av høghastigheits breiband i området, samt kor stort tilskot som vil vera nødvendig for at utbygging skal vera aktuelt. Av desse tre vil truleg Kvamnet AS vera den mest sannsynlege utbyggjaren/samarbeidspartnaren dersom det blir gitt tilsegn om tilskot på 1.000.000 kroner.

Samnanger Næringsforum/næringsdrivande i området kan også vera aktuelle samarbeidspartnarar.

Aktivitetar

Intensjonen med prosjektet er at det skal planleggjast og byggjast ut fiber gjennom heile området, og at alle verksemdar, husstandar og fritidsbustader som ligg i utbyggingsområdet skal få tilbod om å knytta seg til fibernettet.

Når det gjeld aktiviteter, viser me elles til tids-/milepælsplanen i søknaden.

Målgrupper

Husstandar, verksemder og fritidsbustader i området Rolvsvåg - Saga.

Resultat

Verksemder, husstandar og fritidsbustader i området vil få tilgang til høghastigheits breiband med god kapasitet og høg stabilitet. Dette vil også gjera det meir attraktivt for nye verksemder å etablere seg i området. Når utbygginga er gjort, vil området ha god breibandsdekning i mange år framover (moglegheit for oppskalering av hastigheit etc.).

Ei fiberløyising av den typen Kvamnet AS tilbyr (der signal vert teke ned frå luft til lokalt fibernett) vil ha litt fleire begrensingar med omsyn til kapasitet/hastigheit enn ei "ideell løyising" av typen "Altibox" (med "fiber heile vegen"), men for dei fleste brukarar vil ei fiberløyising frå Kvamnet AS (eller annan leverandør som tilbyr tilsvarande løyising) dekke brukarbehovet på ein god måte. Også i slik løyising vil ytterlegare kapasitet/hastigheit kunne byggjast ut seinare (ut over 100/100 Mbit/s som Kvamnet AS tilbyr i dag).

Effekter

Verksemder i området vil kunne ta i bruk tenester som er avhengige av høghastigheits breiband (sending/mottak av store datafiler m.m.). Eit godt breibandstilbod vil gjera området meir attraktivt for nyetablering av næringsverksemd.

Breibandstilbodet til husstandar og fritidsbustader i området vil også verta vesentleg forbetra i forhold til i dag.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Det er ikkje sett opp detaljert tidsplan for utbygginga, fordi utbygging vil vera avhengig av at det vert gitt tilsegn om tilskot frå fylkeskommunen. Dersom det vert gitt tilsegn om tilskot frå NKOM, ser me for oss følgjande tidsplan:

- Mars 2017 - Planlegging og utlysing av anbodskonkurransen om utbygginga
- April - mai 2017 - Vedtak om val av utbyggjar
- Mai - juli 2017 - Planlegging, prosjektering, kundepåmelding m.m.
- August - oktober 2017 - Utbyggingsfase
- November - desember 2017 - Avslutning av prosjektet. Sluttrapport.

Kostnadsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|------------------------|------------------|------|------|------|------|------------------|
| 01. Personalkost | 50 000 | | | | | 50 000 |
| 02. Innkjøpte tenester | | | | | | 0 |
| 03. Utstyr | 1 800 000 | | | | | 1 800 000 |
| 04. Andre kostnader | 1 150 000 | | | | | 1 150 000 |
| Sum kostnad | 3 000 000 | | | | | 3 000 000 |

Finansieringsplan

| Tittel | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | SUM |
|---|------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|------------------|
| 01. Egenfinansiering | 50 000 | | | | | 50 000 |
| 03. Privat finansiering | 1 950 000 | | | | | 1 950 000 |
| 04. Bredbåndsutbygging - Nasjonal tilskuddsordning | 1 000 000 | | | | | 1 000 000 |
| Sum finansiering | 3 000 000 | | | | | 3 000 000 |

Med "Bredbåndsutbygging - Nasjonal tilskuddsordning" meiner me her tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

Geografi

1242-Samnanger

Vedleggsliste

| Dokumentnavn | Filstørrelse | Dato |
|--|---------------------|-------------|
| Brev frå Samnanger Næringsforum datert 23.11.2016.pdf | 75 923 | 31.01.2017 |
| Kartutsnitt over Samnanger med utbyggingsområdet markert.pdf | 463 439 | 09.12.2016 |
| Kartutsnitt over søknadsområdet Rolvsvåg - Saga.pdf | 432 205 | 09.12.2016 |
| Kopi av e-post frå Samnanger næringsforum til Hordaland fylkeskommune 06.11.2015.pdf | 801 844 | 09.12.2016 |
| Kopi av kvalifikasjonskrav i konkurransegrunnlag for fiberutbygging i Frøylandsdalen i 2013-2014.pdf | 387 003 | 09.12.2016 |
| Utsnitt frå dekningskart 30 Mbit i området Rolvsvåg - Saga.pdf | 304 558 | 31.01.2017 |
| Utsnitt frå dekningskart 4 Mbit i området Rolvsvåg - Saga.pdf | 305 111 | 31.01.2017 |